



## TILTAKSPLAN MOT RUS

Voss gymnas skal arbeide aktivt og systematisk for eit rusfritt miljø. Rusmiddel omfattar både legale og illegale stoff som tabletter, alkohol og narkotiske stoff.

### Mål:

1. Bevisstgjere elevane. Arbeide med haldningar.
2. Følgje opp elevar med rusproblem.

Tiltaksplan vert sett i verk ved:

### Mistanke om bruk av rusmiddel

Faglærer tek kontakt med kontaktlærer om eleven har stort fråver, er underytar, trøyt, manglande konsentrasjon, unormal framferd osv.

Kontaktlærer tek "uformell" kontakt og uttrykkjer bekymring. Spør vedkomande rus.

Kontaktlærer spør eleven om rus i elevsamtalen.

Klasselærarråd: Kontaktlærer, faglærarar, rådgjevar/ elevinspektør drøftar saka.

Vidare tiltak: Kontaktlærer formidlar bekymring til heimen om eleven er under 18 år.

Samtale med rådgjevar/ elevinspektør

### Mistanke om rus på skulen

Jfr. §7 Oppførsel i Vestland fylkeskommune sine skulereglar

### *Det er forbode å:*

*(2) røyke tobakk, bruke elektroniske sigarettar eller snuse på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.*

*(3) vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område.*

Brot på desse reglane vert handsama etter reglane i § 8, § 9 og § 11 i skulereglementet.

Lærer som observerer rusa elev, tek kontakt med rektor, avdelingsleiar eller elevinspektør som overtek ansvaret.

Leiinga vurderer kva som skal gjerast vidare: t.d.:

Sende eleven heim

Køyre eleven heim

Kontakte politiet

Kontakte skulelege

Kontakte heimen om eleven er under 18 år

Følgjande skal gjerast:

Samtale mellom elevinspektør, elev, lærar som observerte

Klasselærarråd: Informasjon til faglærarar. Oppfølging

Handsaming i ressursteamet med informasjon til OT/PPT

### **Sal/kjøp av rusmiddel på skulen**

Rektor vert kontakta om det kjem fram opplysningar om namngitt elev som sel/kjøper rusmiddel.

Eleven vert kalla inn til rektor.

Rektor melder saka til politiet viss eleven blir tatt på fersk gjerning.

Ved mistanke kan rektor informere politiet.

Jamfør skulereglementet § 9 *Melding til politiet og straffbare forhold*. Straffbare forhold på skulen sitt område kan bli melde til politiet. Det same gjeld ved mistanke om straffbare forhold. Ved mindre alvorlege forhold blir det gjort ei vurdering av om melding til politiet er hensiktsmessig.

**Alle i skulesamfunnet har ansvar for eit positivt skulemiljø. Haldningsskapande arbeid om rus skal integrerast i skulekvardagen, i klassemøte, i elevrådet, i klasselærarråd og på personalmøte.**

**Me tek eit felles ansvar for ein rusfri skule.**